

Årsmelding 1978

Det styret som vart valt på siste årsmøte var:

Vebjørn Strømsnes (formann), Tor Arne Bringsvor (nestformann), Dagfinn Bringsvor (kasserar), Gunn Elde (sekretær), Magne Helland, Dagny Skare og Anton Helland.

I året 1978 har det vore i alt 16 styremøter.

Det var halde to kaketombolaar, to dansar, ein basar, ein marknad, to filmkveldar, ein stafett og «Sommartrimmen». Terrensløpet vart diverre avlyst på grunn av for få påmeldingar. Sommartrimmen derimot, var ein stor suksess.

Elles har både friidrettsfolka og fotballfolka vore utanbygds og delteke i konkurransar.

Friidrettsfolka var med i: Landevegsløp på Hareid, Bergsøyløpet, Høddløpet, terrensløp på Åram og på Emblem, fjell-løp på Åram, stafett på Larsnes og KM i terrensløp. Status vart: 4 gull, 8 sølv, 9 bronse, to 4. plassar, tre 5. plassar og to 6. plassar.

Fotball-laget fekk sine første singlar i år i idrettslaget si historie med singlar over Kvamsøy og Hasund. Elles kjem vi til neste år til å få to fotball-lag, då det på «spelarmøte» vart vedteke å starte med lilleputt-lag.

Vollyballgruppa har også vore aktiv, men har ikkje fått spelt mot andre lag endå.

Arbeidet med idrettsbana har ikkje fått nemneverdig fram siste året, men med brei oppslutning av folket kan kanskje arbeidet verte framskunda.